

(13.08.2015)

## Kva er eigentleg hetsing?

Først vil eg få takka alle som har ringt eller skrive til meg og andre støttespelarar i Miljøpartiet Dei Grøne og fortalt kor kjekt det var at me i måndagsavisa i Kvinnheringen stod fram og bad kommunalsjefen ta sin hatt og gå. Dei fleste seier at dette var det som skulle til for at dei fekk avgjort kven dei skal røysta på ved valet.

Eigentleg visste me vel at mange ville setja pris på utspelet vårt, men eg har likevel tenkt ein del på om det kunne verka motsett på einskilde. Altså at nokon som allereie var mellom våre, kunne koma til å forlata oss, fordi dei var usamde i framgangsmåten. Heldigvis har me ikkje fått ei einaste slik tilbakemelding.

Sjølv er eg ikkje på Facebook, så eg veit lite kva som rører seg der. Frå ein kamerat fekk eg likevel tilsendt dette sitatet frå ein som hadde ytra seg: «Eg har vurdert å stemma på Miljøpartiet. Men då eg las framsida i Kvinnheringen i dag, der det står at dei vil gå inn for å få fjerna ein kommunalsjef, må eg bia lite grann. Er ikkje dette hetsing?»

Sidan eg er oppteken av å helst gjera alle til lags, måtte eg filosofera litt rundt dette. Kva er eigentleg hetsing? Og kven har grunn for å kjenna seg hetsa? Og har eg og mine drive med hetsing?

For meg har nemleg hetsing alltid vore noko anna, nemleg systematisk og gjentakande sjikanering, på generelt usakleg og sviktande grunnlag. Men eg kan ha teke feil, og i så fall orsakar eg sterkt.

Eller bør eg eigentleg gjera det? Eg er faktisk litt i stuss.

For dersom det å stilla resultatkrav til den som sit på toppen av ei verksemd som ikkje fungerer, basert på grundig dokumentasjon, er hetsing, då har eg hetsa. Eg trudde ikkje dette var hetsing, men la oss vidare nedover gå ut frå at det var det.

Las du forresten onsdagsavisa? Kven var det som vart hetsa der? Du treng ikkje leita lenge for å finna svaret, det var underteikna.

Og kvifor er det ok å hetsa meg, medan det er nærast kriminelt å hetsa kommunalsjefen?

For min del må det vera ok å «hetsa» begge to. For me sit begge på toppen. Og begge har sett seg der frivillig. Og begge må berre tola det. Viss ikkje, så har me vel hamna på feil hylle, har me ikkje?

Kommunalsjefen seier i måndagsavisa at dei har 10 personar på venteliste for langtidsplass, og «det er ikkje eit høgt tal». For meg er det eit høgt tal. For nummer ti på ventelista er det eit svimlande tal!

Kanskje einkvan av dei på lista til og med føler seg hetsa? Om det i så fall er av kommunalsjefen sjølv eller andre tilsette, spelar inga rolle.

Det er nemleg den som sit på toppen som må ta både ansvaret og den eventuelle støytten!

**Arne Gjerde**

Førstekandidat

Miljøpartiet Dei Grøne

PS. Det har kome meg for øyra at kommunalsjefen ikkje er å rekna som toppleiar likevel. I så fall har eg misforstått, noko eg seier meg lei for. Kritikken min mot kommunalsjefen vert difor herved overført til rådmann og ordførar.